# KONSEKVENSUTGREIING (KU) OG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS) KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL - ETNE KOMMUNE

## OPPSUMMERING BUSTAD:

Total innspelte bustader: 45
Grovsorterte innspelt bustader: 23
Bustader til KU og ROS: 22

- Til godkjenning: 11
- Til etterretning: 8
- Avslag: 9

*Nokre innspel omhandlar fleire områder. Summen for avgjersler er derfor ulik summen for KU-skjema.*

## Innhaldsliste

Konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) ... 2
Metode for konsekvensutgreiing (KU) ... 2
Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse ... 3
KPI – 12 – Rygg ... 7
KPI – 15 – Ebnes nordre ... 9
KPI – 38 Birkenes 3 ... 11
KPI – 40 Ebne søre 1 ... 13
KPI – 46 – Lauviken 1 ... 15
KPI – 51 – Milje 2 ... 17
KPI – 54 Utstuen 2 ... 19
KPI – 57 – Milje 3 ... 21
KPI – 59 – Sandvik nedre 2 (handsamast med KPI-83) ... 23
KPI – 71 – Mæland 2 ... 25
KPI – 75– Fitje ... 27
KPI – 78– Leknes 1 ... 29
KPI – 86 Osnes 4 ... 31
KPI – 87 Osnes 3 ... 33
KPI – 88 Osnes 1 ... 35
KPI – 93 Enge 1 ... 37
KPI – 97 – Silde ... 39
KPI – 100 Vågen ... 41
KPI – 101 – Leknes 2 ... 43
KPI – 112 – Leknes 17 ... 45
KPI – 116 – Mortveit 3 ... 47
KPI – 117 – Dynjebakken 2 ... 49

# Konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Kommuneplanar som legg til rette for framtidig utvikling må ha ei konsekvensutgreiing som vurderer og skildrar planen sine verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga er grunnlagsmateriale for å vurdere om framlegg er ynskja arealbruk. Vurderingar er gjort på eit oversiktsnivå som er i tråd med kommuneplannivået.

Ein har tidlegare i prosessen silt ut ein del private innspel som fall mot politisk vedtekne prinsipp for arealforvaltninga. Prinsippa finn ein i eige dokument. Administrasjonen har vald å inkludere handsaminga av innspel som ikkje blei tekne med i endeleg plan – dette for å gi klare svar til både interessentar og forslagsstillerar.

Dokumentet inneheld vurdering og skildring av dei einskilde nye områda for framtidig utbygging med omsyn til verknader for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova (pbl) §4-2 andre avsnitt. Dersom naudsynt er det òg utforma ein risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. § 4-3. Meir utfyllande grunnlagsmateriale for konsekvensutgreiing og ROS-analyse finn ein i vedlagt dokument: *«Grunnlag for KU og ROS».*

Eit samandrag med overordna vurdering av konsekvensar, samfunnstryggleik og ROS-analyse for heile kommunen er inkludert i eige kapittel i planskildringa.

## Metode for konsekvensutgreiing (KU)

Metoden for konsekvensutgreiing er omtalt i planprogrammet og har sidan blitt konkretisert. Konkretiseringa bærer preg av at ein ynskjer eit samsvar med nabokommunar for å gjere samarbeid over kommunegrenser enklare. Ein har vald å kartlegge dei noverande verdiane knytt til samfunn og miljø for kvart einskild område før ein greier ut konsekvensane (sjå tabell 1 til høgre). Vidare har ein vurdert konsekvensane for kvart enkelt innspel etter desse temaa:

| **Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø** | **Konsekvensar for samfunn** | **Konsekvensar for natur** |
|---|---|---|
| Landbruk og fiske | Overordna planar | 100m-belte sjø/ vassdrag |
| Biologisk mangfald | Trafikkavvikling | Naturmangfald |
| Landskap | Trafikktryggleik | Landskap |
| Kulturminne/kulturlandskap | Bustadutvikling | Kulturminne/ landskap |
| Rekreasjon og friluftsliv | Sentrumsutvikling | Forureining |
| Barn og unge | Landbruk og fiske | Støy |
| | Anna næringsutvikling | |
| | Friluftsområde | |
| | Opphaldsområde for barn | |
| | Tilgjenge/universell utforming | |
| | Folkehelse | |

For kvart område har ein gjort ei vurdering av verdien av området etter dei enkelte temaa i kolonne 1. Verdiane rangerer frå *0-1: lokalt viktig, 2: viktig* til *3: regionalt eller nasjonalt viktig.* Konsekvensane for ny arealbruk har følgt ein skala frå -2 til +2. Verdiane representerer *svært negativ, negativ, ingen konsekvens, positiv* og *svært positiv.* Det er i tillegg opna for kommentar til konsekvens eller tiltak. Der det finnes både positive og negative konsekvensar for endra arealbruk skal dette ha blitt kommentert der.

## Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Kommunestyret vedtok metodeval og akseptkriteria for overordna ROS i sak 094/12. Vedtaket var i samband med utarbeiding av kommunedelplan (KDP) for Etnesjøen. Det vart då vedteke at «…*metodeval og akseptkriterier for ROS, skal gjelde for planarbeid i heile kommunen*…». Metodeval og akseptkriteria er presentert i heilheit i Overordna ROS for Etne – Hovudrapport, dagsett 2013. Administrasjonen har tatt utgangspunkt i arbeidet som blei gjort den gong – men har sett at ein fleire stader har måtte endre grenseverdiar og gjere særskilde vurderingar for einskilde områder.

Modellen i figuren under har vore nytta:




**Figur 1 Metode for ROS-analyse**

ROS-analysen skal avdekke aktuelle risikoar for farar innanfor omsøkt område – samt farar i omgjevnadene som kan ha verknad for omsøkt område. Tabellen under viser kva kategoriar som har vore vurdert i kvar einskild område. Det har vore vurdert relevans for kategoriane til kvart einskild område.

| Naturfare | Menneske- og verksemdsbaserte farar |
|---|---|
| Ekstrem nedbør - flaum/overvatn | Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb. |
| Sterk vind - storm/orkan | Forureinande/støyande verksemd |
| Havnivåstigning. og stormflo | Storbrann- tilgjenge for naudetat |
| Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum | Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat |
| Erosjon/isgang | Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb. |
| Skogbrann | Samlokaliseringsproblem |
| Terrengformasjon som utgjer særleg fare | Sårbare objekt |
| Radonstråling | Stråling frå kraftliner |
| | Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror |
| | Smittefare |

Kommunen sin utarbeida ROS-analyse har satt sannsyn for dei fleste tenkelege uønskte hendingar innanfor kategoriane lista over. Ein har tilnærma seg sannsynet litt etter kor områda ligg – og kva område skal brukast til. Sannsynet vil ikkje vere det same alle stader i kommunen. Det same gjeld konsekvensane. Under er det lista opp grenseverdiar for sannsyn og konsekvensar.

| **Sannsynsklasse** | **Kor ofte kan ein vente hendingar:** |
|---|---|
| S4<br>Svært sannsynleg | Meir enn 1 hending per år. |
| S3<br>Sannsynleg | Mindre enn 1 hending per år, minst ei hending per 10 år. |
| S2<br>Mindre sannsynleg | Mindre enn 1 hending per 10 år, men minst 1 hending per 100 år. |
| S1<br>Usannsynleg | Mindre enn 1 hending per 100 år. |

Konsekvensar av uønskte hendingar er kategorisert slik:

| **Storleik på omfang** | **Grad** | **Menneske (liv helse)** | **Ytre miljø (luft, vatn, jord)** | **Samla verdi på materielle skadar i nok.** |
|---|---|---|---|---|
| **Katastrofe** | K5 | Meir enn 5 omkomne | Svært omfattande øydeleggingar på større areal med varige konsekvensar for ytre miljø | Varig skadar på infrastruktur/ Skadar for meir enn 150 000 000 |
| **Kritisk** | K4 | 2-4 omkomne Alvorlege personskadar | Svært omfattande øydeleggingar på mindre areal med varige konsekvensar for ytre miljø | Infrastrukturen er nede over lang tid, med fare for liv/ Skadar for mellom 10 000 000 til 150 000 000 |
| **Alvorleg** | K3 | 1 omkommen og alvorlege personskadar | Alvorleg skade på areal, kan utbetrast med tiltak | Infrastrukturen er nede over kort tid, med fare for liv/ Skadar for mellom 1 000 000 til 10 000 000 |
| **Liten konsekvens** | K2 | Inntil 2 alvorlege personskadar | Noko skade på ytre miljø som kan utbetrast på kort sikt | Infrastrukturen er ute av drift over tid, utan fare for liv og helse/ Skadar for 100 000 til 1 000 000 |
| **Ufarleg** | K1 | Mindre skadar som normalt lækjer seg sjølv | Lita eller ingen innverknad på ytre miljø, små skadar som kan utbetrast innan relativt kort tid | Det er korte brot i infrastrukturen, utan fare for noko liv eller helse /Skadar for inntil 100 000 |

Kombinasjonen av sannsyn og eventuell konsekvens er samanstilt i denne risikomatrisa:

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **S4 Svært sannsynleg** | S4/ K1 | S4/ K2 | S4/ K3 | S4/ K4 | S4/ K5 |
| **S3 Sannsynleg** | S3/ K1 | S3/ K2 | S3/ K3 | S3/ K4 | S3/ K5 |
| **S2 Mindre sannsynleg** | S2/ K1 | S2/ K2 | S2/ K3 | S2/ K4 | S2/ K5 |
| **S1 Usannsynleg** | S1/ K1 | S1/ K2 | S1/ K3 | S1/ K4 | S1/ K5 |
| **Sannsyn / Konsekvens** | **K1 Ufarleg** | **K2 Liten Konsekvens** | **K3 Alvorleg** | **K4 Kritisk** | **K5 Katastrofe** |

Fargekodane i matrisa gir eit uttrykk for om risikoen er akseptabel eller ikkje. Ein har nytta tre ulike fargekodar:

| | |
|---|---|
| *Ikkje akseptabelt* | Uakseptabel risiko. Må undersøkast gjennom meir detaljerte analyser (for eventuelt å avkrefte risiko eller avklare moglege risikoreduserande tiltak). |
| *Moglegvis akseptabelt* | Tiltak kan gjennomførast for å redusera risikoen. Kost-nyttevurdering av risikoreduserande tiltak. |
| *Akseptabelt* | Akseptabel risiko i utgangspunktet. Risikoreduserande tiltak gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar. |

Dersom eit godkjent byggeområde i planen har hamna i ein eller fleire farekategoriar vil det vere naudsynt med tiltak. Byggeområdet må gjennom grundigare vurdering eller avbøtande tiltak reduserast til minst gul sone i samband med seinare reguleringsplan eller ved søknad om tiltak der det ikkje er sett krav om reguleringsplan.

Områder med fare, risiko eller sårbarheit er i planen merka som omsynssone og det er gitt føresegner for å beskytte mot skade og tap slik lova føresett.

Av praktiske grunnar har ein ikkje inkludert heile ROS-matrisa i kvar analyse. Under følgjer eit døme på korleis det har blitt løyst:

***Har hendinga relevans for området?***

***Kva type hending:***

***Kva er sannsynet for at hendinga oppstår i området?***

| | Hending | Vurdering | | | | | | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Relevans | Sannsyn | Kons | Risiko | | | |
| **Naturfare** | Ekstrem nedbør - flaum/overvatn | **Ja** | **2** | **1/2/2** | **2** | **4** | **4** | Aktsemdsområde flaum. Må ta omsyn ved omregulering. |
| | Sterk vind - storm/orkan | **Ja** | **3** | **1/2/3** | **3** | **6** | **9** | Området kan vere utsett for hardt ver og storm. Bygningar må tåle forholda. |
| | Havnivåstigning og stormflo | **Ja** | **3** | **1/2/1** | **3** | **6** | **3** | Omregulering må ta omsyn til gitte nivå for havnivåstigning og stormflo (jf. DSB 2016). |
| | Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum | **Nei** | | | | | | |

***Konsekvensane for hendinga delt inn i kategoriane Menneske, Ytre Miljø og Materielle skadar.***

***Kommentar/tiltak til gjeldande hending.***

***Risikoen er resultatet av sannsynet og risikoen kombinert. Fargekodane reflekterer om risikoen er akseptabel eller ikkje.***

Kommunen har blitt delt opp i sju delområder: Etnesjøen, Litledalen, Skånevik, Skåneviksstranda, Stordalen og Åkrafjorden. Grensene er satt etter grunnkretsar. Nokre grunnkretsar er slått saman for å få meir hensiktsmessige områder. Områdene nyttast primært for å halde oversikt – men òg som referanse for utforming av arealrekneskap. Arealrekneskap brukast som grunnlag og bakteppe for vurderingar gjort i kommuneplanprosessen. Konsekvensutgreiingane og ROS-analysane vil hovudsaklig bli presentert etter kategori.




**Figur 2 Områder for konsekvensutgreiing Etne kommune**

Under følgjer konsekvensutgreiingsskjema for innspel om bustader til kommuneplanen.

# KU OG ROS-ANALYSE

| KPI – 12 – Rygg | |
|---|---|
| **Føreslått føremål:** | Bustad |
| **Føremål i dagens plan:** | LNF |
| **Gards- og bruksnummer:** | 044/001, 044/059 |
| **Arealstorleik:** | 1,2 daa |
| **Forslagsstillar:** | Rygg, Hans |
| **Kort skildring:** | Utviding av bustadområde. Gjeld eit lite område i tilknyting til eksisterande bustader på Rygg. |



## Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

| Tema | Verdi | Merknad/grunngjeving |
|---|---|---|
| Landbruk og fiske | - | |
| Biologisk mangfald | - | |
| Landskap | - | |
| Kulturminne/kulturlandskap | - | |
| Rekreasjon og friluftsliv | - | |
| Barn og unge | - | |

## Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

| | Tema | Konsekvens -2 | -1 | 0 | + 1 | +2 | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Samfunn | Overordna planar | | | | | X | Bruk vil samsvare med tilhøyrande område i plan. |
| | Trafikkavvikling | | | X | | | Området er utbygd. Vil ikkje medføre meir trafikk. |
| | Trafikktryggleik | | | X | | | Sjå over. |
| | Bustadutvikling | | | | | X | Vil lette framtidig byggesaksbehandling for området. |
| | Sentrumsutvikling | | X | | | | Ikkje sentrumsnært. |
| | Landbruk og fiske | | | X | | | Området er utbygd. |
| | Anna næringsutvikling | | | X | | | |
| | Friluftsområde | | | X | | | Godt tilgjenge til utmark og friluftsområder. |
| | Opphaldsområde for barn | | | X | | | |
| | Tilgjenge/universell utforming | | | X | | | |
| Natur | 100m-belte sjø/ vassdrag | | | X | | | |
| | Naturmangfald | | | X | | | Området er utbygd. |
| | Landskap | | | X | | | Området er utbygd. |
| | Kulturminne/ landskap | | | X | | | Området er utbygd. |
| | Forureining | | | X | | | Området er utbygd. |
| | Støy | | | X | | | Området er utbygd. |

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

| Farge | Forklaring |
|---|---|
| Grøn | Akseptabel risiko<br>Tiltak om mulig |
| Gul | Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast |
| Raud | Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS |

| Hending | | Vurdering | | | | | | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Relevans | Sann syn | Kons | Risiko | | | |
| Naturfare | Ekstrem nedbør - flaum/overvatn | **Nei** | | | | | | |
| | Sterk vind - storm/orkan | **Nei** | | | | | | |
| | Havnivåstigning. og stormflo | **Nei** | | | | | | |
| | Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum | **Nei** | | | | | | |
| | Erosjon/isgang | **Nei** | | | | | | |
| | Skogbrann | **Nei** | | | | | | |
| | Terrengformasjon som utgjer særleg fare | **Nei** | | | | | | |
| | Radonstråling | **Ja** | **4** | **3/1/1** | **12** | **4** | **4** | Høg aktsemdgrad radon.. **Tiltak**: alle bygningar meint for varig opphald må følgje krav til radonsikring etter TEK10. |
| Menneske- og verksemdbaserte farar | Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb. | **Nei** | | | | | | |
| | Forureinande/støyande verksemd | **Nei** | | | | | | |
| | Storbrann- tilgjenge for naudetat | **Nei** | | | | | | |
| | Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat | **Nei** | | | | | | |
| | Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb. | **Nei** | | | | | | |
| | Samlokaliseringsproblem | **Nei** | | | | | | |
| | Sårbare objekt | **Nei** | | | | | | |
| | Stråling frå kraftliner | | | | | | | |
| | Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror | **Nei** | | | | | | |
| | Smittefare | **Nei** | | | | | | |

### Samla vurdering og konklusjon:

Endring vil reflektere faktisk bruk. Området som er spilt inn er allereie del av faktisk bustadområde. Administrasjonen vel å utvide området til òg omfatte eksisterande bustad på fråskilt tomt sør for spelt inn område.

**Administrasjonen tilrår godkjenning.**




# KU OG ROS-ANALYSE

| KPI – 15 – Ebnes nordre | |
|---|---|
| **Føreslått føremål:** | Naust med båt-anlegg og bustader |
| **Føremål i dagens plan:** | LNF |
| **Gards- og bruksnummer:** | 146/004 |
| **Arealstorleik:** | 3,5 |
| **Forslagsstillar:** | Eide, Kjell og Tveitevoll, Marit |
| **Kort skildring:** | Område for bustad (A og B), fritidsbustad (C) og småbåthamn (C) på Ebne, Skåneviksstranda. Innspelte bustadområder ligg i noverande LNF spreidd bustad. |

## Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

| Tema | Verdi | Merknad/grunngjeving |
|---|---|---|
| Landbruk og fiske | 0 | Utmark og strandsone. |
| Biologisk mangfald | - | |
| Landskap | 2 | Området (C) er eit strandsoneområde som har vert heilt sentralt i bygda med både butikk og «dampskipskai». Bustadområde er utmark. Ebneelva renn i fjorden. |
| Kulturminne/kulturlandskap | 1 | Området (C) kan ha verdi som kulturminneområde. |
| Rekreasjon og friluftsliv | 1 | Tradisjon for transport til og frå friluftsområde på Taraldsøy. |
| Barn og unge | 1 | Strandsone |

## Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

| Tema | | Konsekvens | | | | | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | -2 | -1 | 0 | + 1 | +2 | |
| Samfunn | Overordna planar | | X | | | | Bustadføremål i tråd med plan. Det er uynskt med privatisering av strandsona. |
| | Trafikkavvikling | | | X | | | Det er ikkje vurdert til å gi større endringar i trafikkavvikling. |
| | Trafikktryggleik | | | X | | | |
| | Bustadutvikling | | X | | | | Etablering av fleire bustader i krinsane vil ha utfordringar mtp skuleskyss og nærleik til sentrumsfunksjonar. |
| | Sentrumsutvikling | | X | | | | Bustader bør primært etablerast i sentrumsnære områder. |
| | Landbruk og fiske | | | X | | | Ikkje vurdert til å ha særleg verknad på jordbruket. |
| | Anna næringsutvikling | | | | X | | Vil ha utleige av hyttenaust i strandsona som tilleggsnæring til gardsdrift. |
| | Friluftsområde | | X | | | | Privatisering av strandsona er sett på som uheldig. |
| | Opphaldsområde for barn | | | X | | | |
| | Tilgjenge/universell utforming | | | X | | | |
| | Folkehelse | | X | | | | Privatisering av strandsona er sett på som uheldig. Etablering av busetnad nær utmark er positivt – langt frå skule og sentrumsfunksjonar er negativt. |
| Natur | 100m-belte sjø/ vassdrag | X | | | | | Privatisering av strandsona. Bebyggelse tett i vassdrag. Naudsynt med vegetasjonssone. |
| | Naturmangfald | | | X | | | |
| | Landskap | | X | | | | Kan påverke eit historisk kulturmiljø. |
| | Kulturminne/ landskap | | X | | | | Kan påverke eit historisk kulturmiljø. |
| | Forureining | | | X | | | |
| | Støy | | | X | | | |

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

| | |
|---|---|
| Grøn | Akseptabel risiko<br>Tiltak om mulig |
| Gul | Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast |
| Raud | Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS |

| Hending | | Vurdering | | | | | | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Relevans | Sannsyn | Kons | Risiko | | | |
| Naturfare | Ekstrem nedbør - flaum/overvatn | Ja | 3 | 2/2/2 | 6 | 6 | 6 | Gjeld område C. Flaum knytt til ekstremnedbør. |
| | Sterk vind - storm/orkan | Ja | 2 | 3/3/4 | 6 | 6 | 8 | Gjeld område C. Skåneviksstranda kan vere utsatt for hardt ver. Fritidsbebyggelse så tett på havet må sikrast ekstra mot storm og orkan. |
| | Havnivåstigning og stormflo | Ja | 3 | 1/2/1 | 3 | 6 | 3 | Gjeld område C. Småbåthamn og fritidsbygg må ta omsyn til stormflo og havnivåstigning. |
| | Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum | Nei | | | | | | |
| | Erosjon/isgang | Nei | | | | | | |
| | Skogbrann | Nei | | | | | | |
| | Terrengformasjon som utgjer særleg fare | Nei | | | | | | |
| | Radonstråling | Nei | | | | | | Nærliggande område har høg aktsemd radon. |
| Menneske- og verksemdbaserte farar | Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb. | Nei | | | | | | |
| | Forureinande/støyande verksemd | Nei | | | | | | |
| | Storbrann- tilgjenge for naudetat | Nei | | | | | | |
| | Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat | Nei | | | | | | |
| | Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb. | Nei | | | | | | |
| | Samlokaliseringsproblem | Nei | | | | | | |
| | Sårbare objekt | Nei | | | | | | |
| | Stråling frå kraftliner | Nei | | | | | | |
| | Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror | Nei | | | | | | |
| | Smittefare | Nei | | | | | | |

## Samla vurdering og konklusjon:

Bustadene ligg i LNF-spreidd bustad (Ebne). Sona har kvote på fem bustader i førre plan. Etablering av fleire bustader i krinsane vil ha utfordringar med tanke på skuleskyss og nærleik til sentrumsfunksjonar. Kommunen har vedteke at det fortsatt skal vere mogleg med spreidd busetnad i krinsane. Bustadområde vil bli inkludert i LNFS-område. *Framlegg til nytt LNFS-Ebne har kvote på tre bustader.*

**Administrasjonen tar innspelet til etterretning. Området handsamast i KU for LNFS-Ebne.**

Administrasjonen ser på hyttenaust og rorbuer som uheldig i denne delen av strandsonen. Hyttenaust og rorbuer er å rekne som fritidsbustader. Som forslagsstiller òg påpeiker er det her òg snakk om eit historisk strandsoneområde med tradisjon for butikk og dampskipskai. Privatisering av dette området vil ikkje vere ynskjeleg frå administrasjonen si side.

**Administrasjonen tilrår avslag på fritidsbustad.**

Forslagsstillar ynskjer òg småbåthamn i området ved sjø. Her meiner kommunen det vil vere uheldig å opparbeide småbåthamn så nært eit eksisterande kaianlegg. Ein lyt sjå på moglegheiter for sambruk av kaianlegg mellom kommune og private. Administrasjonen skal kartlegge heile kommunen si strandlinje for å finne dei områda som er best eigna til småbåthamner. Ein vil då ta med seg innspelt til småbåthamner og vektlegge dette i kartlegginga.

**Administrasjonen tar innspelet om småbåthamn til etterretning.**

# KU OG ROS-ANALYSE

| KPI – 38 Birkenes 3 | |
|---|---|
| **Føreslått føremål:** | Fritidsbusetnad, busetnad, naust og småbåthamn |
| **Føremål i dagens plan:** | LNF |
| **Gards- og bruksnummer:** | 025/006, 025/009 |
| **Arealstorleik:** | 122,6 |
| **Forslagsstillar:** | Ebne, Haldor |
| **Kort skildring:** | Byggefelt for fritidsbustader og bustader samt småbåthamn. Området ligg òg til fv. 34. |




## Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

| Tema | Verdi | Merknad/grunngjeving |
|---|---|---|
| Landbruk og fiske | 2 | 7,7 daa fulldyrka jord, 10 dekar beitemark. Noko dyrkbar jord òg. |
| Biologisk mangfald | 2 | Dvergspett – *art av særleg stor forvaltningsinteresse.* |
| Landskap | 1 | Fjordlandskap |
| Kulturminne/kulturlandskap | 2 | Fleire SEFRAK-bygg. To meldepliktige ved riving eller endring. Verdifullt kulturlandskap. |
| Rekreasjon og friluftsliv | - | |
| Barn og unge | - | |

## Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

| | Tema | Konsekvens -2 | -1 | 0 | + 1 | +2 | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Samfunn | Overordna planar | X | | | | | Etablering av bustad utan tilgjenge til sentrumsfunksjonar og skule er ikkje ynskeleg |
| | Trafikkavvikling | | X | | | | Etablering av område vil medføre meir trafikk og vanskar med både skoleskyss og kollektivtrafikk |
| | Trafikktryggleik | X | | | | | Omsøkt område vil auke trafikk på dårleg veg, auke aktivitet i vegbana og skape farlege situasjonar ved auka bruk av avkjøring til fylkesvegen. |
| | Bustadutvikling | X | | | | | Storskala bustadbygg skal skje i sentrumsområda. |
| | Sentrumsutvikling | | X | | | | Storskala bustadbygg skal skje i sentrumsområda. |
| | Landbruk og fiske | | X | | | | Råker nokre landbruksinteresser. |
| | Anna næringsutvikling | | | X | | | |
| | Friluftsområde | | | X | | | |
| | Opphaldsområde for barn | | | X | | | Ikkje gang-sykkelveg. |
| | Tilgjenge/universell utforming | | X | | | | Tidvis bratt. |
| | Folkehelse | | | X | | | Kan betre tilgjenge til utmark. Ikkje opparbeida trygg veg til skule og sentrum. |
| Natur | 100m-belte sjø/ vassdrag | | X | | | | Strandsona bebygd av veg. Vidare utbygging ikkje heldig. |
| | Naturmangfald | | X | | | | Dvergspett – *art av særleg stor forvaltningsinteresse.* |
| | Landskap | | X | | | | Nedbygging av historisk fjordlandskap. |
| | Kulturminne/ landskap | | | X | | | Må takast omsyn til SEFRAK-bygg. |
| | Forureining | | | X | | | |
| | Støy | | X | | | | Det vil vere støy frå fylkesveg. |

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

| | |
|---|---|
| Grøn | Akseptabel risiko<br>Tiltak om mulig |
| Gul | Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast |
| Raud | Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS |

| | Hending | Vurdering | | | | | | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Relevans | Sannsyn | Kons | Risiko | | | |
| Naturfare | Ekstrem nedbør - flaum/overvatn | **Nei** | | | | | | |
| | Sterk vind - storm/orkan | **Nei** | | | | | | |
| | Havnivåstigning. og stormflo | **Ja** | | | | | | |
| | Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum | **Ja** | **4** | **4/3/3** | **16** | **12** | **12** | Tilnærma heile området ligg i NGI-skredsone. Aktsemd jord- og flaumskred. Registrert skredhending (steinsprang) i mars 2016. **Tiltak:** Ved utbygging må det greiast ut for skredfare og eventuelt sikre. Forslagsstillar foreslå å sikre for skredfare. |
| | Erosjon/isgang | **Nei** | | | | | | Etnefjorden frys stundom til. Svært sjeldan i dette området. |
| | Skogbrann | **Ja** | **2** | **1/3/3** | **2** | **6** | **6** | Sørvendt, varm skråning med mykje vegetasjon. |
| | Terrengformasjon som utgjer særleg fare | **Nei** | | | | | | |
| | Radonstråling | **Nei** | | | | | | |
| Menneske- og verksemdbaserte farar | Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb. | **Nei** | | | | | | |
| | Forureinande/støyande verksemd | **Nei** | | | | | | |
| | Storbrann- tilgjenge for naudetat | **Nei** | | | | | | |
| | Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat | **Ja** | | | | | | Smal veg. Kort veg til Etnesjøen |
| | Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb. | **Nei** | | | | | | |
| | Samlokaliseringsproblem | **Nei** | | | | | | |
| | Sårbare objekt | **Nei** | | | | | | |
| | Stråling frå kraftliner | **Ja** | **1** | **1/0/0** | **1** | **0** | **0** | Kraftline gjennom området. Ved plassering av bygningar må avstandskrav oppfyllast. |
| | Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror | **Nei** | | | | | | |
| | Smittefare | **Nei** | | | | | | |

### Samla vurdering og konklusjon:

Bustadområder skal leggast nært skule og sentrumsfunksjonar. Ein ynskjer ikkje å etablere bustadfelt i områder med skredfare og dyrka mark. Det er vedteke i kommuneplanen sin samfunnsdel at *«landbruksareal, dyrka eller dyrkbart, skal ikkje nyttast til hus, hyttebygging, vegframføring, eller andre utbyggingsføremål som kan leggast andre stader»*. Det er ikkje positivt å auke trafikk på smal fylkesveg. Om kommunen treng fleire bustadområder bør desse leggast eit anna sted. Arealrekneskap for bustad syner tydeleg at kommunen har tilstrekkeleg bustadreserve. Nye bustadområder vil berre vere aktuelle om dei er svært eigna.

**Administrasjonen tilrår avslag.**

Fritidsbusetnad med tilhøyrande naust og småbåthamn famnar om mykje av den same argumentasjonen – særleg skredfare og dyrka mark. Det Her vil ein likevel trekke frem fortetting som ein prinsipp kommunen ynskjer å praktisere. Naust og småbåthamn så tett på fylkesvegen er heller ikkje heldig. Ei slik ordning vil auke aktivitet i vegbana, både for menneske og kjøretøy. Dette ser administrasjonen på som mindre ynskjeleg.

**Administrasjonen tilrår avslag.**

# KU OG ROS-ANALYSE

| KPI – 40 Ebne søre 1 | |
|---|---|
| **Føreslått føremål:** | Spreidd bustad og fritidsområde |
| **Føremål i dagens plan:** | Spreidd bustad |
| **Gards- og bruksnummer:** | 148/001 |
| **Arealstorleik:** | 33,9 |
| **Forslagsstillar:** | Ebne, Haldor for Ebne, Marit og Reidar |
| **Kort skildring:** | Ynskjer ei vidareføring av eksisterande LNF-spreidd busetnad på Ebne. Vil òg opne for fritidsbusetnad i merka område. |




## Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

| Tema | Verdi | Merknad/grunngjeving |
|---|---|---|
| Landbruk og fiske | 2 | 28,8 da beitemark. Kjerneområde landbruk |
| Biologisk mangfald | - | Ikkje kjent. |
| Landskap | 2 | Kjerneområde landbruk. Samanhengande jordbrukslandskap. |
| Kulturminne/kulturlandskap | - | Ingen registrerte |
| Rekreasjon og friluftsliv | - | Ikkje kjent. |
| Barn og unge | - | Ikkje kjent. |

## Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

| | Tema | Konsekvens | | | | | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | -2 | -1 | 0 | + 1 | +2 | |
| Samfunn | Overordna planar | | | X | | | Tiltaket samsvarer med dagens kommuneplan. Området vil verte justert. |
| | Trafikkavvikling | | X | | | | Uheldig med meir trafikk på mindre god veg. |
| | Trafikktryggleik | | | X | | | |
| | Bustadutvikling | | | X | | | Kommunen ynskjer primært fortetting. Delvis i samsvar på Ebne. Avklåring av området. |
| | Sentrumsutvikling | | X | | | | Utfordrande med fleire bustader som har trong til skuleskyss og lang veg til sentrumsfunksjonar. |
| | Landbruk og fiske | X | | | | | Nedbygging av dyrka mark er i strid med KPS 10.4. |
| | Anna næringsutvikling | | | X | | | |
| | Friluftsområde | | | X | | | |
| | Opphaldsområde for barn | | | | X | | Positivt med kort veg til utmark og rekreasjonsområder i strandsonen. |
| | Tilgjenge/universell utforming | | | X | | | |
| | Folkehelse | | | X | | | Positivt med kort veg til utmark og rekreasjonsområder i strandsonen. Negativt med lang veg til skule og sentrumsfunksjonar. |
| Natur | 100m-belte sjø/ vassdrag | | | X | | | Bekkedrag gjennom området. Må takast omsyn til ved eventuell utbygging. |
| | Naturmangfald | | | X | | | |
| | Landskap | | X | | | | Meir bebyggelse i samanhengande jordbruksområde er ikkje heldig. |
| | Kulturminne/ landskap | | | X | | | |
| | Forureining | | | X | | | |
| | Støy | | | X | | | |

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

| Farge | Forklaring |
|---|---|
| Grøn | Akseptabel risiko<br>Tiltak om mulig |
| Gul | Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast |
| Raud | Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS |

| Hending | | Vurdering | | | | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Relevans | Sannsyn | Kons | Risiko | |
| Naturfare | Ekstrem nedbør - flaum/overvatn | **Nei** | | | | |
| | Sterk vind - storm/orkan | **Nei** | | | | |
| | Havnivåstigning og stormflo | **Nei** | | | | |
| | Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum | **Nei** | | | | |
| | Erosjon/isgang | **Nei** | | | | |
| | Skogbrann | **Nei** | | | | |
| | Terrengformasjon som utgjer særleg fare | **Nei** | | | | |
| | Radonstråling | **Ja** | **4** | **3/1/1** | **12** / **4** / **4** | Høg aktsemdsgrad for radon. **Tiltak:** Bygning for varig opphald må byggast etter TEK10 krav. |
| Menneske- og verksemdbaserte farar | Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb. | **Nei** | | | | |
| | Forureinande/støyande verksemd | **Nei** | | | | |
| | Storbrann- tilgjenge for naudetat | **Nei** | | | | |
| | Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat | **Nei** | | | | |
| | Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb. | **Nei** | | | | |
| | Samlokaliseringsproblem | **Nei** | | | | |
| | Sårbare objekt | **Nei** | | | | |
| | Stråling frå kraftliner | **Nei** | | | | |
| | Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror | **Nei** | | | | |
| | Smittefare | **Nei** | | | | |

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen har vedteke (kommuneplanen sin samfunnsdel § 10.4) at *«landbruksareal, dyrka eller dyrkbart, skal ikkje nyttast til hus, hyttebygging, vegframføring, eller andre utbyggingsføremål som kan leggast andre stader»*.. Det vil føre med seg at det i prinsipp berre er om lag 5 dekar som er mogleg å bygge ut i omsøkt område. Administrasjonen vil i prosessen gå over eksisterande LNFS-områder og ta ut uaktuelle områder for bustad- og fritidsbustadbygging**.** Nye LNFS-soner skal ha moglegheit til å gi kvotar til bustad, fritid og næring. Det vil etter ei heilskapleg vurdering avgjerast om Ebne LNFS òg vil opne for fritidsbusetnad.

**Administrasjonen tar innspelet til etterretning.**

**Arealet vil bli handsama i KU og ROS for LNFS-Ebne i eigen sak.**

Framlegg til nytt LNFS Ebne har ikkje med arealet som er omsøkt her. Deler av arealet er likevel tatt inn i ny LNFS Garvik. Om lag 2-3 dekar i nord er inkludert. Områder i LNFS som reknast som dyrka, eller dyrkbar, jord skal ikkje nyttast til hus eller hytter.

# KU OG ROS-ANALYSE




## KPI – 46 – Lauviken 1

| | |
|---|---|
| **Føreslått føremål:** | Bustad, andre bygg og anlegg (naust) og småbåthamn |
| **Føremål i dagens plan:** | LNF |
| **Gards- og bruksnummer:** | 145/001 |
| **Arealstorleik:** | 18,1 |
| **Forslagsstillar:** | Ebne, Knut Erik |
| **Kort skildring:** | Bustad, naust og småbåthamn på Ebne på Skåneviksstranda.<br><br>Omsøkt naustområde (*A*) er i same område som KPI 37 og 56. Området handsamast i respektive KU. |

## Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

| Tema | Verdi | Merknad/grunngjeving |
|---|---|---|
| Landbruk og fiske | 1 | Noko av området er beitemark, gjeld særleg områder for vegframføring. |
| Biologisk mangfald | - | Ikkje registrert områder i umiddelbar nærleik. |
| Landskap | 2 | Strandsone for A og B. |
| Kulturminne/kulturlandskap | - | |
| Rekreasjon og friluftsliv | - | |
| Barn og unge | - | |

## Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

| Tema | | Konsekvens -2 | -1 | 0 | + 1 | +2 | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Samfunn | Overordna planar | | X | | | | Inngrep i strandsona bør vere minst mogleg – og helst fortetting. |
| | Trafikkavvikling | | X | | | | Ny avkjøring frå fylkesveg. |
| | Trafikktryggleik | | | X | | | |
| | Bustadutvikling | | | X | | | Det skal leggast til rette for spreidd busetting i krinsane. |
| | Sentrumsutvikling | | X | | | | Bustadbygging bør vere i sentrumsnære områder. |
| | Landbruk og fiske | | | X | | | Noko innmarksbeite som ligg innanfor naustområde A. Eventuell vegframføring vil kunne råke meir mark. |
| | Anna næringsutvikling | | | X | | | |
| | Friluftsområde | | | | X | | Aukar tilgjenge for ålmenta til sjø. |
| | Opphaldsområde for barn | | | X | | | |
| | Tilgjenge/universell utforming | | | | X | | Aukar tilgjenge for ålmenta til sjø. Kan vere bratt ned til sjø – avhengig av vegframføring. |
| | Folkehelse | | | X | | | |
| Natur | 100m-belte sjø/ vassdrag | | X | | | | Nedbygging av strandsona er ikkje ønskeleg – men naudsynt for å legge til rette for småbåthamn. Vassdrag gjennom området må takast omsyn til ved regulering. |
| | Naturmangfald | | | X | | | Ingen registrerte. |
| | Landskap | | | X | | | |
| | Kulturminne/ landskap | | | X | | | Ingen registrerte. |
| | Forureining | | | X | | | Kan bli noko forureining i sjø. |
| | Støy | | | X | | | Kan bli noko støy frå båtar. |

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

| | |
|---|---|
| (grøn) | Akseptabel risiko<br>Tiltak om mulig |
| (gul) | Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast |
| (raud) | Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS |

| | Hending | Vurdering | | | | | | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Relevans | Sannsyn | Kons | Risiko | | | |
| Naturfare | Ekstrem nedbør - flaum/overvatn | Ja | 2 | 1/2/2 | 2 | 4 | 4 | Aktsemdsområde flaum. Må ta omsyn ved omregulering. |
| | Sterk vind - storm/orkan | Ja | 2 | 3/3/4 | 6 | 6 | 8 | Skåneviksstranda kan vere utsatt for hardt ver. **Tiltak:** Naust må sikrast ekstra mot storm og orkan. |
| | Havnivåstigning. og stormflo | Ja | 3 | 1/2/1 | 3 | 6 | 3 | Bygging av varige installasjonar og bygg må ta omsyn til gitte nivå for havnivåstigning og stormflo (jf. DSB 2016). |
| | Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum | Ja | 4 | 3/2/2 | 12 | 8 | 8 | Aktsemd jord- og flaumskred. Redusert konsekvens da arealformål ikkje opnar for varig opphald. **Tiltak:** Ved utbygging må det greiast ut for skredfare. |
| | Erosjon/isgang | Nei | | | | | | |
| | Skogbrann | Nei | | | | | | |
| | Terrengformasjon som utgjer særleg fare | Nei | | | | | | |
| | Radonstråling | Nei | | | | | | |
| Menneske- og verksemdbaserte farar | Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb. | Nei | | | | | | |
| | Forureinande/støyande verksemd | Nei | | | | | | |
| | Storbrann- tilgjenge for naudetat | Nei | | | | | | |
| | Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat | Nei | | | | | | |
| | Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb. | Nei | | | | | | |
| | Samlokaliseringsproblem | Nei | | | | | | |
| | Sårbare objekt | Nei | | | | | | |
| | Stråling frå kraftliner | Nei | | | | | | |
| | Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror | Nei | | | | | | |
| | Smittefare | Nei | | | | | | |

### Samla vurdering og konklusjon:

Utvida bustadområde (*C*) er ei utviding av regulert bustadområde .Utviding av bustadområde vil bli fanga opp av eit justert LNFS-område. Administrasjonen ynskjer primært busetting i trygg gangavstand til sentrum og skule. Ny samfunnsdel opnar for busetting òg i krinsane – då primært gjennom LNFS-områder. Skåneviksstranda har i noverande planperiode hatt ei god folketalsvekst – og det vil soleis vere behov for utvida moglegheiter for busetting.

**Arealet for utviding av bustad vil bli handsama i KU og ROS for LNFS-Ebne i eigen sak.**

I samsvar med ei overordna vurdering av behovet for naust- og båtplassar må det gjerast ei vurdering om det er trong for begge naustområda. **Naustområde A handsamast i KPI 37 og 56**. Ein ynskjer i størst mogleg grad ei sambruksløysing og minst mogleg nedbygging av strandsona. **Område B:** det er allereie ein eldre kai og naust på området. Soleis vil det vere til dels i samsvar med faktisk bruk. Det er behov for fleire båtplassar på Skåneviksstranda. Forslagsstillar ser for seg at det vil bli auka behov etter realisering av bustadområde i område C.

**Administrasjonen tilrår arealformålet.**

Sjølve lokaliseringa kan bli noko justert etter strandsonekartlegging gjort av administrasjonen.

# KU OG ROS-ANALYSE

| KPI – 51 – Milje 2 | |
|---|---|
| **Føreslått føremål:** | Merknad til R-plan |
| **Føremål i dagens plan:** | LNF |
| **Gards- og bruksnummer:** | 134/001 |
| **Arealstorleik:** | - |
| **Forslagsstillar:** | Bull Tornøe, Alf Ole |
| **Kort skildring:** | Merknad til reguleringsplan 201201 - Milja. Forslagsstillar ser ikkje på området som hensiktsmessig plassering av bustader.<br><br>**Sjå samla vurdering og konklusjon.** |



## Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

| Tema | Verdi | Merknad/grunngjeving |
|---|---|---|
| Landbruk og fiske | | |
| Biologisk mangfald | | |
| Landskap | | |
| Kulturminne/kulturlandskap | | |
| Rekreasjon og friluftsliv | | |
| Barn og unge | | |

## Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

| Tema | | Konsekvens -2 | -1 | 0 | + 1 | +2 | Kommentar/tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Samfunn | Overordna planar | | | | | | |
| | Trafikkavvikling | | | | | | |
| | Trafikktryggleik | | | | | | |
| | Bustadutvikling | | | | | | |
| | Sentrumsutvikling | | | | | | |
| | Landbruk og fiske | | | | | | |
